

SAK 9/15 Skriv og meldingar FTU 10. september 2015

FTU gikk gjennom protokollen frå Trygg Trafikk sitt landsmøte.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

SAK 10/15 Trafikktryggingsprisen 2015
Ikkje offentleg, Ofl §26.2 ledd, kandidat til utmerking

Frå sekretariatet låg det ikkje føre tilråding i saka:

Fylkesdirektøren rår fylkestrafikktryggingsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Endringsframlegg:

I tillegg til dei kandidatane som var kome med i innkallinga, hadde Audun Heggstad, Trygg Trafikk framlegg om barnehagane i Leikanger og Kaupanger skule. Desse er dei første, og førebels einaste i fylket som er godkjende som «trafikksikre barnehagar» og «trafikksikker skule».

Dette gir følgjande vedtak:

Trafikktryggingsprisen 2015 skal gå til Redningsselskapet.

SAK 11/15 Vurdering av trafikktryggingsutvalet - fråsegn frå FTU

VEDTAK:

Fylkestrafikktryggingsutvalet gjev følgjande uttale:

«Utvalet ser at fokus som FTU har retta mot trafikksikring vil bli vesentleg redusert dersom FTU vert lagt ned. FTU er ein tverrfagleg møteplass der dei konsultative medlemene kjem med innspel i trafikksikringsarbeidet. Vi viser spesielt til sak om kven som har rett til førarkoret, der FTU har gjort eit viktig arbeid. FTU følgjer også kvart år opp Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging der alle etatar og organisasjonar må gjere greie for om dei føl opp sitt ansvar i planen».

